



Normann luftfoto frå når?

Innan utgangen av denne veka vil programmet til museumsdagen på Rød søndag 19. august vera klart. Tema er postkort med motiv frå Uskedalen og Kvinnherad. Aud Karin Løvfall frå Løfallstrand er postkortsamlar. Ho syner fram postkort og fortel om hobbyen sin. Aud Karin vil at dei som har postkort i skuffer, skåp og fotoalbumar, tek dei med til Rød denne dagen

Harald Sætre vert med på museumsdagen i år. Han spør kva som finst av foto og motiv frå dampskipskaiene i Kvinnherad, særleg frå tida kring 1960 og framover. Dersom du har bilete frå Beinavikjo og Mykelbust kai, bed vi deg ta dette med eller berre sei frå til Sætre.

På museumsdagen vert det og gudsteneste, konsert, matsal og aktivitetar.

Tekst: Kristian Olav Bringedal